

KUNNGJERING



STORDKUNSTLAG

Utstilling, kunsthallen, Stord kulturhus frå 9.-24. september

«Spor» av Anneli Belsvik Aras

Opningstider: tysdagar og torsdagar
klokka 18.00 til 20.00.

Laurdagar klokka 12.00 til 14.00.

Billettpris: kr 50,- (medlem og born gratis)

Lyst til å prøve bogeskyting?

Stord Bueskyttere
held nybyrjarkurs
5 onsdager f.o.m.
13. september.Påmelding og/eller info
til stord@bueklubb.no
eller tlf. 468 37 892Håpar å sjå deg
på kurs!

TURID VIKENE KERAMIKK

Verkstadutslag på Ådland

Stort sett åpent:

Tisdag, onsdag og fredag 10-16

Torsdag 10-18.

Ellers etter avtale.

Tlf. 975 90 014



Fitjar kommune



Stortingsvalet 2017

Røysting på valdagen måndag 11. september
i Fitjar kommune:Røystelokale for heile kommunen er
Fitjar kultur- og idrettsbygg.

Opningstid: kl. 09.00 - 20.00

Ta med valkort og legitimasjon!

Fitjar valstyre

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjer kva prosjekt som skal gjennomførast kvart år og gjer politiske føringar for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegg, byggjer, driftar og held ved like fylkesvegane på vegner av fylkeskommunen.

Vegstenging fv. 544

Fv. 544 må stengast frå 11. september–
16. september i forbindelse med vegarbeidet
som pågår i Skrivarvegen.

Omkjøring via E39.



FORELDRE OG BARN KAFÉ

laurd. 9.9. kl. 13.00-15.00
i Kulturhuset (underetasje)

SPRÅKKAFÉ

i biblioteket i Kulturhuset onsd. 13.9.
kl. 13.30-15.15. Neste kafé onsd. 27.9.

INTERNASJ. MATKURS

på Leirvik skule:

Torsd. 14.9. 18.-21. portugisisk mat

Torsd. 21.9. 18.-21. palestinsk mat
(påmeld. matkurs Anita 95814241)

HEILDAGSTUR

til USF Verft i Bergen for å sjå kunst-
narar i arbeid – tysd. 3.10. (Påmeld.
til Jill innan 25.9, tlf. 952 04 914)

YOGA

m/Linda Breistig i Kunsthallen i
Kulturhuset fred. 6.10. 18.00-20.00
og laurd. 7.10. 10.00-12.00 og 13.00-
15.00. (for meir info. og påmeld.:
tlf. 952 04 914)

HEALING MEDITASJON

m/Lin D. Martin laurd. 7.10. 15.30-
16.00 i Kunsthallen et. yoga (gratis)

VALGdirektoratet

Snart er det valdag!

På valdagen 11. september, må du stemme i den
kommunen du er manntallsført i. Det vil seie der du var
folkeregistrert som busett den 30. juni 2017.Kommunen informerer om vallokale og opningstider.
Sjå også www.valglokaler.no. Enkelte kommunar har
også valdag 10. september.

Kven har stemmerett ved stortingsvalet?

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan
utgangen av 2017 og som er, eller har vore, registrert i
Folkeregisteret som busett i Noreg.

Har du fått valkort, ta det med. Du trenger ikkje valkortet
for å stemme, men det sparar deg for tid.

Hugs å ta med legitimasjon!

For meir informasjon om valet, sjå www.valg.no eller ta
kontakt med kommunen.

valg.no



Thomas Dahl & Court

Thomas Dahl - gitar Harmen Fraanje (NL) - piano
Magne Thormodsæter - bass Håkon Mjåset Johansen - trommerGrand Hotell laurdag 9. september kl. 19.00
Bill.: 200,- (medl. 150,-), u. 26 150,- (medl. u. 26 100,-)

Kystkultur
tradisjon og utvikling...

**Kystsøge
veken**

Fem veker med kystkultur,
folkeliv, konsertar, foredrag,
marknad i 22 kommunar
frå Gulen i nord til Sveio i sør!

12. august til 17. september

www.kystsogevkene.no



SUNNHORDLAND TINGRETT

Proklama

Krav etter den avlidne må meldast innan seks veker
til Sunnhordland tingrett, Postboks 54, 5401 Stord,
om dei ikkje skal gå tapt. Krav skal meldast til
bustyrar der slik er oppnemnd.17-134846DBO-SUHO John Hans Peters,
fødselsnr. 16.07.1955 27903,

Siste bustad: Furulyvegen 51, 5416 Stord

Dødsdato: 21.06.2017

Bustyrar: Adv. Haldor Tveit, Advokat Haldor Tveit
Postboks 226, 5402 STORD

PÅ NETT denne veka:



► **HANDBALLSESONGEN** er i gang att, og denne helga spelar både dame- og herrelaget til Stord bortekampar, både laurdag og søndag. Og a-laget til Stord Fotball, som kjempar for å unngå

nedrykk, spelar viktig bortekamp mot Aalesund 2, eit anna lag som ligg i botnstriden. Sunnhordland er som vanleg oppdatert på våre nettsider, i helgane, anten det gjeld sport eller anna.



STILTE OPP: Her er Oda Clausen Sætre (midten) saman med begge bestemødrene sine. Karen Ytredal Clausen (t.v.) og Jorunn Sætre (t.h.).
ALLE FOTO: ANITA HAUGLAND

Omringa av bestemødrer

Oda Clausen Sætre tok bestemødrene med på ei vandring i vikingtida, både til fots og på film.

– Det er veldig kjekt at begge kom. Mamma er også her, seier Oda Clausen Sætre.

Både mormor og farmor var på plass, då Stord sogelag, Villvettene Friluftsbarnhage og Rommetveit skule inviterte til vikingvandring på Rommetveit onsdag ettermiddag.

– Me kallar oss begge for bestemor, fortel Jorunn Sætre (farmor) og Karen Ytredal

Clausen (mormor). Vandringa starta i sjøkanten nedanfor høgskulen, forbi den gamle gravplassen og opp til gymnasen på Rommetveit skule. Langs stien fekk dei frammtøtte høyra historie frå vikingtida, og i gymnasen var fleire elevar på plass for å presentera vikingfilmen som elevane i 6. trinn laga i fjor.

Arbeidsam gjeng

Filmen varer i ti minutt, og tek føre seg tema som klede, matlaging, leikar og krig frå vikingtida. Både kostyme, musikk og koreografi er stort sett laga av elevane sjølv, i samarbeid med lærarane.

– Utfordringa når ein legg opp til eit undervisningsopplegg litt utanom det vanlege, er at det ofte tek lenger tid enn ein har tenkt. Det opplevde me då me laga denne filmen, forklarte Øyvind Nordli, som er lærar ved Rommetveit skule. Han var ein av pådrivarane for å få filmen i hamn.

– Eg blei litt lei av vikingtida fordi me jobba så mykje med det på skulen, men det var gøy å laga filmen. Og det var veldig gøy å reisa til Vikinggården på Avaldsnes, fortel Oda. Filmen er tidlegare vist fram for både andre elevar på Rommetveit skule, foreldra deira og for lærar-

studentane ved Høgskulen på Vestlandet (HVL).

God respons

– Elevane er kjempeflinke. Filmen har me faktisk sett før, men det var veldig kjekt å vera med på vandring i forkant av visinga, seier Karen Ytredal Clausen. Også Jorunn Ytredal Sætre likte det ho såg.

– Har de lært noko nytt om vikingtida i dag?

– Det meste har me vel høyrte før, men det var kjekt med litt oppfrisking, seier Clausen.

Anita Haugland

anita@sunnhordland.no



Eg blei litt lei av vikingtida fordi me jobba så mykje med det på skulen, men det var gøy å laga filmen

Oda Clausen Sætre




PÅDRIVAR: Lærar Øyvind Nordlie fortel dei frammtøtte om eldre historie frå Rommetveit. Han var ein av dei som engasjerte seg for at elevane i 6. trinn i fjor kom i mål med filmen om vikingtida.




FORMIDLAR: Her fortel Pia Dyrseth-Skjønberg (11) om den gamle gravplassen på Rommetveit. Ho er ein av elevane som var med og laga vikingfilmen i fjor.

VÊRET

I dag:
Oversky og regn.



I morgon:
Skya eller delvis skya.



Sundag — **Måndag**
+13 +16

Flo/Fjære
Leirvik:

		Idag	Imorgon
Flo	kl.	00:53	01:32
	kl.	13:22	14:02
Fjære	kl.	07:01	07:37
	kl.	19:14	19:50

Data frå Kartverket sjøvidvisjonen. Tir 13/G725

		Idag	Imorgon
Sola	☀	Opp kl. 06.49	06.52
		Ned kl. 20.19	20.16
Månen	☾	Opp kl. 21.17	21.35
		Ned kl. 09.18	10.42

Dagen er 5 tim. og 20 min.
kortere siden sommersolverv.

© SMHI Grafikk/Bulls **SMHI**